



# Sogn Regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL - Tlf: 57 62 96 14

Helse Vest RHF  
Postboks 303, Forus  
4066 Stavanger

Sakshandsamar: Norunn Haugen , tlf: 57 62 96 14

Vår ref 07/1325-2	Eining/avd/ SOGN/REG	Arkiv	Dykkar ref	Dato 20.06.2007
----------------------	-------------------------	-------	------------	--------------------

## Helse 2020 -høyningsuttale frå Sogn regionråd

*Sogn regionråd med kommunane Aurland, Balestrand, Vik, Leikanger, Luster, Årdal, Sogndal og Lærdal vedtok på møtet i Sogn regionråd 15. juni felles fråsegn i høve til strategidokumentet Helse 2020.*

Sogn Regionråd viser til høyningsdokumentet Helse 2020. Dokumentet gjev ei grei skildring av drivkraftene og utviklingstrekk som vil påverke og forme den framtidige helsetenesta. Dei ulike utviklingstrekka må møtast på ein heilskapleg måte der ein sikrar kvalitativt gode tenester **både** i 1. og 2. linjetenesta.

Dokumentet Helse 2020 er svært generelt. Det er vanskeleg å lese seg fram til kva som kan bli resultatet av den langsiktige handlingsplanen.

For kommunane er det særleg viktig at følgjande vert ein del av den langsiktige handlingsplanen:

1. Pasienten må stå i fokus for alle tenester på alle nivå.
2. Lokalsjukehusa må framstå som sentrale institusjonar i det samla helsetilbodet. Helseforetaket må derfor utvikle strategiar og tiltak som sikrar at lokalsjukehusa har naudsynt kompetanse for å fylle ei slik rolle i framtidas helsevesen. Vi viser til kap. 13.7 i rapporten "Lokalsykehusenes akuttfunksjoner i en samlet behandlingskjede". Strategiar og tiltak må også ha som mål å gjere lokalssjukehusa til attraktive arbeidsplassar både for legar og anna helsepersonell. Kommunane må trekkjast inn (både fagleg og politisk) i arbeidet med å utvikle ein heilskapleg "lokalsjukehusstrategi" for regionen.
3. Samhandling og samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og dei kommunale helse- og omsorgstenestene må vidareutviklast gjennom forpliktande samarbeidsavtalar mellom to likeverdige samarbeidspartar. Samarbeidsavtalene må utviklast til avtaler som gjeld den einskilde pasient / brukar. Dette gjeld i særleg gradressurskrevjande pasientar / brukarar (t.d. innan rus / psykiatri).

Pasientane vil då – i større grad enn no – oppleve ei samanhengande rekke av tenester som samhandlar. Det er då ikkje berre tale om "vegen inn i" spesialisthelsetenesta, men også "vegen tilbake" til den kommunale helse- og omsorgstenesta. Lokal- og sentralsjukehus er viktige arenaer for å få dette til.

4. Ei vidareutvikling av helsetenesta må byggje på LEON-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå). Kommunane må då få tilført både økonomiske ressursar og kompetanse som set dei i stand til å løyse nye oppgåver / ta seg av nye pasientgrupper Spesialisthelsetenesta (helseforetaka) må ta eit vesentleg ansvar for overføring av kompetanse til kommunane. Utvikling av felles "utdanningspakkar" for personell både frå spesialisthelsetenesta og kommunane kan vere ein eit verdifullt tiltak.

5. Kommunane i Sogn og Fjordane er små – med små fagmiljø som er sårbare for omfattande omstillingstiltak. Det må vere i dei statlege helseforetaka si interesse at tilhøva i den kommunale helse- og omsorgstenesta er prega av stabilitet, god kompetanse og kvalitet på tenestene. Helseforetaka må ha dette med i planlegginga si og vere merksam på at omstillingstiltak i spesialisthelsetenesta vil kunne ha negative følgjer for kommunane.

Eit viktig tiltak vil vere at å sikre gode planleggings- og avgjerdss prosessar der kommunane vert tekne med som likeverdige samarbeidspartnarar.

I rapporten "Lokalsykehusenes akuttfunksjoner i en samlet behandlingskjede" (kap) 15 er det synt korleis ein kan få til likeverdige prosessar som bidreg til tryggleik og kvalitet. Sogn regionråd forventar at Helse Vest følgjer opp dette både i langsiktige handlingsplanar og dei årlege prosessane med budsjett og styringsdokument.

6. I landsmålestokk er dei tre sjukehusa i Sogn og Fjordane småe institusjonar. Ein langsiktig handlingsplan for spesialisthelsetenesta på Vestlandet må innehalde strategiar og tiltak som tek sikte på å sikre velfungerande tenester med eit godt og stabilt fagmiljø.

Med helsing

Olav Lunden  
leiar i Sogn regionråd

Norunn Haugen (s)  
spesialkonsulent

Vedlegg:

Kopi til: Helse Førde, media, kommunehelsetenesta